


## Også elevane n ygde med at skuledagane er like

04.01.2008



Rektor Vidar Haugland er ikkje minst tilfreds over den positive reaksjonen frå foreldra på den nye timeplanen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Alle skuledagane ved Uskedalen skule er frå dette skuleåret like og varar frå 8.20 til 13.50. 96 prosent av foreldra og 75 prosent av dei tilsette meiner at dette er ei svært bra eller bra løysing.**

Dette går fram av ei spørjeundersøking der 50 foreldre, 12 tilsette og 93 elevar svara. For elevane vart det operert med "strekmuunn", "smilemuunn" og "misnøgdmuunn" i undersøkinga og 85 prosent hadde "strekmuunn" eller "smilemuunn" som reaksjon på dette spørsmålet. Med andre ord var også elevane godt nøgde på dette punkt..

Eit anna spørsmål galdt synspunkt på at elevane går på skulen kvar dag. Her hadde 40 prosent av elevane "smilemuunn" og 38 prosent "misnøgdmuunn", medan 85 prosent av foreldra og 100 prosent av dei tilsette meinte at dette er ei svært bra eller bra løysing.

Eit tredje spørsmål var om at 1.- 4. klasse har to timar kvar dag til matpause og aktivitetar. Her hadde 90 prosent av elevane "smilemuunn" (66 prosent) eller strekmuunn. 80 prosent av foreldra og 63 prosent av dei tilsette meinte at dette er ei svært bra eller bra løysing.

Eit fjerde spørsmål var om at 5.-7. klasse har halvannen time kvar dag til matpause og aktivitetar. Her hadde 88 prosent av elevane "smilemuunn" (53 prosent) eller strekmuunn. 90 prosent av foreldra og 100 prosent av dei tilsette meinte at dette er ei svært bra eller bra løysing.

Endeleg i undersøkinga vart det bedt om ei vurdering av korleis uteområdet no er tilrettelagt med tanke på fysisk aktivitet. 98 prosent av elevane hadde "smilemuunn" (66 prosent) eller strekmuunn. 98 prosent av foreldra og 100 prosent av dei tilsette meinte at dette er ei svært bra eller bra løysing.

I ein kommentar til uskedalen.no seier rektor Vidar Haugland at alle nyordningar som regel og naturleg nok blir møtt med ein del skepsis og det var også tilfelle i samband med den nye timeplanen. Etter eit halvt år er konklusjonen at Haugland gjerne vil halda fram med ordninga fordi den er betre for elevane.

I samband med spørundersøkinga er han ikkje minst nøgd med den positive reaksjonen frå foreldra, som han tolkar som ein inspirasjon til å halda fram.

- Men "berre" 63 prosent av dei tilsette meiner at det er ei svært bra eller bra løysing at dei minste elevane har to timar om dagen til matpause og aktivitetar. Ligg det ikkje eit problem her?.

- Det blir større belastning på dei tilsette enn før ettersom det blir gjeve meir rom for aktivitetar, noko som krev vakt. Her er både dei tilsette og eg på leiting etter gode idear om betre løysingar som kan gje mindre ekstra-arbeid. Men førebels har vi ikkje funne løysingane, seier rektor Haugland.

Av Ola Matti Mathisen



Også lærarane var flinke til å delta i opparbeidinga av uteområdet og bortimot alle verkar nøgde med resultatet. (Foto: Ola Matti Mathisen)